



Thor Guljord i Cirkus Zorba beklager at det heng att plakatar på stolpane i Uskedalen etter sirkuset si framsyning på Husnes i juli. uskedalen.no påpeika det for få dagar sidan.

Han skriv at ein av medarbeidarane hans ikkje har gjort jobben sin.

No vil han kontakta kommunen og få hjelp til å ta ned dei resterande plakatanne.

<han vil i alle fall takka eit flott publikum for oppmøtet i eitt av landets flottaste distrikt og ser fram til å visa Zorba sin meget spesielle 20-årsjubileumsframsyning i 2011.

- Slikt skjer desverre også for andre sirkus. Ingen er perfekte. Det heng også Arnardoplakatar godt spreidd utover landet som ikkje er teke ned, skriv Gujord.

Av Ola Matti Mathisen